



Arbeidstilsynet

VÅR DATO

05.02.2014

DERES DATO

VÅR REFERANSE

2014/58557

DERES REFERANSE

1 av 2

VÅR SAKSBEHANDLER

Pål Erdal, tlf. 41631760

HORDALAND FYLKESKommune BYBANEN UTBYGGING

Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

11 FEB 2014

Tilsyn - HORDALAND FYLKESKommune BYBANEN UTBYGGING

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 28.01.2014.

Møtestad var kontora dykkar i Nordåsdaalen 26.

Føremålet med tilsynet

Arbeistilsynet ville oppsummere frå tilsyna i 2013, og drøfte vidare SHA-arbeid med byggherren, særleg med tanke på at det kjem nye entreprenørar i fleire fag, også utanlandske.

Oppsummering av tilsynet

Kontrollen ble utført på/ved:

Nordåsdaalen

5235 RÅDAL

Til stades frå verksemda: Roger Skoglie (prosjektdirektør), Marianne Hufthammer (k-hms-leiar), Sandra Rommetveit (koordinatordføringsfase) og prosjektleiarane .

Til stades frå Arbeidstilsynet: Pål Erdal (seniorinspektør). , som også snakka med Martin McHueg frå Matt McDonald, SHA-koordinatordføringsfasen.

Arbeidstilsynet la fram funn og røynsler frå dei omlag tretti tilsyna som vi utførte i 2013 på ulike entreprisar i byggjetrinn III, hovudsakleg hjå underentreprenørar og massetransportørar. Vi fekk også eit godt samarbeid med hovudentreprenørane vi då var i kontakt med. Bybanen Utbygging presenterte så dei SHA-krava de stiller og dei kontrollane (prekvalifisering) de gjer av tilbydarane før entreprisar vert tildelte. De synte korleis de i planfasen set opp og seinare evt. justerar tidsplanar for å unngå at det oppstår tidspress hjå entreprenørane. De presenterte også ein rad SHA-aktivitetar i utføringsfasen, med eit oversyn over avvik og forbedringsområde som prosjektet sjølv har gripe tak i. Deretter drøfta vi nokre av dei temaene som var framme.

Vi har oppfatta at Bybanen Utbygging vil styrke KU-rolla med fleire koordinatordføringsfasen.

Arbeidstilsynet meiner det er eit naudsynt grep, særleg no som det kjem fleire fag/entreprisar og utanlandske entreprenørar, noko som aukar kompleksiteten og kan gje nye utfordringar.



Arbeidstilsynet gjer tilsyn ut frå ei vurdering av kvar det er risiko for at det skjer brot på regelverket, både kva gjeld formalia og konkrete vernereglar. På bakgrunn av den svært gode responsen som byggherren har gjeve på våre korrigerande innspel, og innsatsen byggherren gjer i utføringsfasen, vil vi signalisere at tilsyna våre ikkje vil få same omfang framover. Bybanen Utbygging kan likevel rekne med at Arbeidstilsynet vil gjere nokre tilsyn, særleg hjå utanlandske hovud- og underentreprenørar, og hjå eventuelle bemanningsføretak.

Avsluttande hovudkonklusjon

Arbeidstilsynet oppfattar at Bybanen Utbygging etterlever byggherreforsskrifta på ein svært grundig og konstruktiv måte. Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid!

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummeret 2014/58557.

Med hilsen
Arbeidstilsynet

Marita Scott
tilsynsleder
(sign.)

Pål Erdal
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.